



Tre elektromontører som no satsar friskt med Børnes som base: Egil Heimvik, Lars L. Øyjord og Endre Teigen (frå venstre). Snart kjem også Knut Martin Hass inn på laget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Stadig fleire i ymse bransjar finn ut at Uskedalen er ein gunstig stad for etablering fordi bygda vår ligg så sentralt i Kvinnherad. Mellom andre har tre elektromontører no kome til denne konklusjonen og i desse dagar flyttar Rosendal-firmaet Kvinnherad Byggutvikling & Elektroservice AS (tidlegare Kvinnherad Byggutvikling AS) til Børnes. 1. august kjem elektromontør nummer fire inn på laget.

- Det er ingen elektrobedrifter i Uskedalen frå før, i motsetnad til røyeleggjarar, påpeikar dagleg leiar og installatør Lars L. Øyjord.

Kvartetten er unge menn med pågangsmot som slett ikkje fryktar konkurransen frå dei etablerte i elektrobransjen.

Lars er eldstemann med sine 30 år. Han bur i Rosendal, Egil Heimvik i Uskedalen, Endre Teigen på Husnes og fjerdemann Knut Martin Hass i Omvikdalen.

Firmaet vart starta av Lars og Egil for tre år sidan, men Egil selde seg ut og Lars gjekk inn i full stilling i firmaet i fjor vår. Men no er Egil attende på laget som medeigar og Endre det same.

Det er eigeodomen til Bogsnes Marine AS (Ole Torbjørn Holmedal) som firmaet har overteke på Børnes. På det 2,2 dekar store arealet står det store huset som den opprinnelege eigar Haavik Bygg reiste for rundt 20 år sidan og ein rubbhall som Holmedal har hatt der. Huset har eit golvareal på 400 kvadratmeter og er innreia med lager, verkstad og kontor.

- Handelen mellom BM AS og KBE AS vart raskt bestemt etter ein telefon frå Holmedal, som kjøpte eigeodomen så seint som i fjor, men kom til at det var for upraktisk å ha eitt bein på Sunde og eitt i Uskedalen.

KBE AS driv også med flislegging og total-leveransar til bad, men Øyjord strekar under at dette ikkje er nokon prioritert bransje frå firmaet si side.

- Dette er ei interesse eg har, og har teke våtromssertifikat. Vi kjem berre til å drive med våtrom når vi har tid, det er elektromarkedet vi kjem til å ha fokus på, opplyser han.

Frå butikken på Børnes kjem dei til å selgja fliser og anna utstyr til våtrom i tillegg til elektrovarer.

- Børnes er framleis ein heller uryddig plass, kva er din kommentar til det?

- Eg er heilt einig i det initiativ som kommunen har teke for å rydda opp og vi kjem til å gjera vårt i så måte. Vi satsar på å laga eit fint og tiltalende uteområde. Eg er glad for at ein annen ny-etablerar, Rune Hjønnvåg, satsar på å opparbeida ei så ryddig tomt framfor oss, svarar Øyjord.

Av Ola Matti Mathisen